



Vegard Døsland og forbildet Tine Thing Helseth i vakker duett: Så skimrande var aldrig havet.

Korpsungdommane i HUBB(Hordaland Ungdoms Brass Band) fekk sist helg ei ny stor og minnerik musikkoppleving. Søndag framførte dei ein imponerende konsert der verdsstjerna Tine Thing Helseth var solist på trompet og flûgelhorn. Fire ungdommar frå vår kommune var så heldige å få vera med på dette. Dei fekk ikkje berre ei korpsoppleving for livet; - dei gav og publikum ei konsertoppleving dei vil minnst lenge.

Konserten vart arrangert i samband med Kulturfest Åsane, konsertlokale var på Tertnes vidaregåande skole. HUBB-leiarane, Ole Johan Aarlie og Kjersti Pisani, hadde gjort litt av eit varp då dei hadde fått engasjert Tine Thing Helseth som solist. Ho er ikkje berre svært etterspurd her i landet, ho er og svært ettertrakta som solist rundt i verda. At ho er ei internasjonal stjerne, fortel det faktum at ho sa frå seg konsertoppdrag i London for å delta med HUBB. No står konsertoppdrag i USA for tur.



[Kvinnheringar som trivst på HUBB, og er klar for ein flott konsert: Julie, Martha og Joar\(Foto: Inga Tveito\)](#)

Dei fire kvinnhersungdommane som var med på konserten var: Joar Kyo Berg(trombone) og Martha Tveito(B-tuba) frå Husnes skulekorps, Julie S. Olsen(euphonium) frå Rosendal skulekorps og kornettisten Vegard Døssland her frå Uskedalen. Martha, med far frå Uskedalen og med besteforeldre som bur her i bygda, var på si første samling. Ho var svært fornøgd med stitt første inspirerande møte med HUBB. For Vegard vart og konserten heilt ekstraordinær. Han var nemleg så heldig at han fekk spele duett saman med eitt av sine forbilde i vakre og velkjende 'Så skimrande var aldrig havet', i eit nydeleg arrangement av Tom Brevik. Eit slikt samspel må nok vera ein draum for unge, lovande trompetistar.



Vitae Lux(Frode Alnæs) vakkert framført med Tine plassert to etasjar over korpset.(Foto: Inga Tveito)

Før duetten hadde korpset opna med friske Chick Corea-tonar arrangert for brassband, før Tine starta med Vitae Lux. Utover i konserten fekk vi den eine perla etter den andre frå Tine Thing Helseth som veksla mellom å spele trompet og flûgelhorn. Innimellom spela og korpset egne nummer. Det var eit fantastisk program der ein var innom mange sjangrar som filmmusikk, latin, Duke-Ellinton-jazz, koral og klassisk før dei avslutta med latinamerikansk tango. Eit kvalitetsprogram som frå første til siste tone prega stemningen blant publikum. Konserten varte ein time, og det er svært imponerende kva dei unge musikarane har øvd inn frå fredag kveld til søndag ettermiddag. Ekstra imponerende er det når vi veit at nokre av dei eldste medlemmene måtte melde forfall. Neste helg er nemleg Siddis Brass-konkurransen, og dei måtte vera med i sine amatørkorps i førebuingane denne helga. Det var og kollisjonar med andre musikkaktivitetar. Blant dei som måtte melde forfall var Sindre Aksnes(Uskedalen) og Vilde V. Skåle(Rosendal).

Det som vart presentert på konserten viser tydeleg at det er mange flinke, unge korpsmusikarar rundt i fylket. Dirigent på samlinga var Oddvar Nøstdal, og konferansier Sigurd Aarlie batt konsertprogrammet fint saman. Det var helsing frå Kulturavdelinga i Bergen Kommune som hadde sponsa arrangementet. Representanten hadde og gladbodskap då ho kunne røpa at det i budsjettet var lagt opp til ein betydeleg auke i instrumentstøtte. Konserten var det beste bevis på at det var ei fornuftig avgjerd!

Av: Thor Inge Døssland.



Hubb og dirigent Oddvar Nøstdal tar mot svært så fortent applaus. (Foto Inga Tveito)